

Dykkert

NR. 2-2005 - 17.ÅRGANG LØSSALG KR. 45,-

INFORMASJONSORGAN FOR DYKKEINDUSTRIEN



I dette nummer ...

Leder	3
Dykking og helse	4
'Spot On'- systemet	9
Dykking i Hydro	12
Tidlig hjelmdykking	14
Jakten på Nautilus	16
Dykeskolesamling i Bergen	20
NDHF får orden på samlingen	21
Kalymnos	22
Svenske marinen på kurs hos NYD	25
Panserdraktens utvikling	26
Sekunder fra døden i dypet	30
Norsk klokkedykkerutdanning - er behovet tilstede?	34
Dykkehistorie i Bergen	36

Redaksjonen avsluttet 07. desember 2005

Stoff til Dykkenytt 1 - 2006 må være oss ihende senest
1. mars 2006

Forsiden:

Dykekløyken til Norsk dykehistorisk forening satt i historisk perspektiv sammen med et skutebilde fra Cutty Sark festivalen i Bergen i 2001. Det innfelte bildet av Bill Braithwaite, fra HDS UK, inne i dykekløyken er tatt på 'Ancient Bell Diving' seminaret i Bergen i november. Bill har vikingblod i årene - alias William Breitveit. Det er han stolt av. Han har også bevist sin slektstilhørighet i 6. generasjon til klokkedykkere som arbeidet med bergingen av flere kjente forlis, som; "Royal George" utenfor Portsmouth i 1783, "Colossus" utenfor Scilly øyene i 1798, "Hartwell" ved Cape Verde i 1787 og "Abergavenny" på sydkysten av England i 1806. På seminaret i Bergen foretok han sitt aller første dykk under vann, 70 år gammel.

ISSN 0809-3040

Om DYKKENYTT

Dykkennytt er primært et informasjonsorgan for dykkeindustrien. Bladet vektlegger faglig innhold, men er også et forum for fri meningsytring. Redaksjonen arbeider etter 'vær-varsom-plakatens' regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettferdig omtale oppfordres til å ta kontakt med redaktøren. Bladets artikler representerer først og fremst artikkelforfatterens synspunkter. Navn på firma eller institusjon bak forfatternavn indikerer kun ansettelsesforholdet.

Ansvarlig redaktør, layout og sats: (Adobe Indesign)

Vidar Fondevik

Tlf.: 55 94 28 20 Fax: 55 94 28 73

E-post: vfo@nui.no

Redaksjon og layout:

Arne-Johan Arntzen

Tlf.: 55 26 65 51 Fax: 55 26 67 60

E-post: barotech@online.no

Distribusjon og annonser:

Reidun Eriksen

Tlf.: 55 94 28 37 Fax: 55 94 28 73

E-post: rei@nui.no

Postadresse:

Dykkennytt - NUI A/S

Pb. 23 Gravdalsveien 245

N-5848 Bergen

Annonse informasjon

Priser:

1 side 180 x 265 mm kr. 3750,-

1/2 side 180 x 130 mm kr. 2250,-

1/3 side 180 x 87 mm kr. 1850,-

1/4 side 180 x 65 mm kr. 1500,-

1/6 side 57 x 130 mm kr. 1000,-

Materiell:

Annonser sendes oss i PDF format.

Elektroniske bilder bør ikke endres før de sendes til oss for trykking.

DYKKING til havs har alltid vært en balansegang mellom det teknisk mulige og det fysiologisk akseptable. På 'konsensuskonferansen' i Bergen i midten av september i år var spesialister innen hyperbarmedisin samlet for å diskutere grenseoppgangene for langtidsskader. Mitt inntrykk som tilhører var at kunnskapen er blitt bedre. Og her har det norske miljøet bidratt de siste 20 årene. Resultatet er at utaskjærsdykkingen er blitt sikrere. Scanpowers risikoanalyse av bemannede undervannsoperasjoner bekrefter det. Men skal nivået opprettholdes må Norge ha et levedyktig arbeidsdykkermiljø i fremtiden. Her må utdanning av klokkekykkere ha sin plass.

DEN privateide yrkesdykkerskolen NYD på Nesodden ønsker ifølge sin artikkel på side 34, ikke klokkekykkerutdanning i Norge. Det kan man forstå ut fra deres samarbeid med den franske klokkekykkerskolen i Marseilles. Det som derimot er vanskeligere å forstå er at Norsk bransjeforening for undervannsentreprenører innaskjærs støtter dette synet. Kanskje er det fordi de er redd for at det kan gå ut over bevilgninger til innaskjærs yrkesdykkerutdanning. Det er i så fall kortsiktig tenkt.

For klokkekykking kan godt tenkes brukt i ulike beredskapssituasjoner innaskjærs. Heving av vrak etter ulykker. Ubåtvraket ved Fedje må muligens heves og det vil ikke overraske meg dersom klokkekykking må til. Og hva med eventuelle reparasjon av fremtidige gassrør inne i fjordene? NYD påstår også i sin artikkel at Phillips, BP, Conoco og Total støtter deres sak. Men det såkalte nettverket for dykking, der disse oljeselskapene er representert, kom i hvertfall med en samlet anbefaling i 2003 om at klokkekykkerutdanning best ivaretas i Norge.

NYD taler godt for sin sak og har flere poeng. Likevel dreier dette seg om å bevare norsk kompetanse. Norge har en kystlinje som med øyer og holmer strekker seg mer enn halvannen gang rundt ekvator. Sjøen og havbunnen utenfor har gitt oss velstand. Derfor må vi selv beherske alle de metoder som er tilgjengelig for fortsatt å kunne nyttiggjøre oss havressursene. I den forbindelse blir dykking et stadig viktigere verktøy - og klokkekykkingen er den mest effektive og sikre måten å dykke på.

ET levende dykkemiljø må ta vare på sin dykkearv. Den danske embetsmannen Corfitz Braem har i sin beskrivelse fra 1673 berettet om kobberlasten som ble fraktet fra Røros og som skulle til Hamburg for salg. Skipet havarerte midt i Kilstraumen i Austrheim på 30 meters dyp. Det berettes om en dykker 'klæd udi læderklæder fra top til taa' og som 'staar udi en blyklokke'. Takket være dykkehistoriske foreninger blir slike historier nå tatt vare på og gir oss viktig innsikt i hvordan våre forfedre taklet utfordringene under vann for 300 år siden. Hvem hadde trodd at de brukte



Bildet er tatt på 'Ancient Diving Bell' seminar i november i år og viser fra venstre: Lars Gustavson (Sverige), Dr. John Bevan (UK), Phillip Nathansen (Danmark), Dr. John Bauer (USA) og undertegnede.

dykkeklokker for berging av kanoner etter slaget i Dynekielen i 1716? Der senket og kapret Tordenskjold den svenske forsyningsflåten til Karl XII. Den danske dykkehistoriske foreningen har funnet et brev der kong Fredrik IV beordrer bygging av utstyr til en dykkeklokke. Brevet er datert 18. desember 1713. Tidligere orlogskaptein Viggo Theill fra Danmark viste en kopi av brevet på det internasjonale seminaret om gamle dykkeklokker som ble holdt i Bergen i november i år.

HVA skjedde forresten med Deepnor AS som ble annonisert i forrige nummer av Dykkenytt? Etter det vi har hørt, i skrivende stund, arbeides det visstnok fremdeles med saken. Forresten - hva om Deepnor hadde vært en båt med klokkekykkerutdanning og hyperbar livbåt beredskap som kunne forflyttes etter behov? Et slikt fartøy finnes faktisk. Det svenske ubåtrekningsfartøyet "Belos" kan plassere og koble den 52 tonn tunge redningsubåten "URF" på sitt store kammeranlegg med en 100 tonns spesialkran. Kammeret er beregnet for 35 mann. Skipet har omtrent alt som skal til. Det mangler en dykkeklokke for trening av klokkekykkere. Men en slik klokke har jo allerede Staten og Statoil avsatt penger til - så vidt vi vet.

Til tross for Tordenskjolds mange revestreker med svenskene kunne vi altså i jubileumsåret 2005, fått til det som den såkalte 'Volvo-avtalen' i sin tid ikke fikk til - et svensk-norsk samarbeid. Norge og NATO har allerede et militært samarbeid med svenskene om ubåtrekning - så hvorfor ikke et sivilisert samarbeid om klokkekykkerutdanning og hyperbar livbåt-beredskap? Det kunne ha blitt et bra bidrag til dykkerberedskapen i Nordsjøen, samtidig som vi hadde fått en nordisk klokkekykkerutdanning. Ha en riktig god og fredfylt jul! ■



Dykking og helse

Otto Inge Molvær, Marinmed

Innleiing

I 1983 skipa Oljedirektoratet og European Undersea & Baromedical Society (EUBS) til eit arbeidsmøte i Stavanger, for å drøfte nevrologiske avvik som nevrologane på Haukeland hadde påvist hos nordsjødykkarar. Tittelen på møtet var *"Long Term Neurological Consequences of Deep Diving"*.

Professor McCallum oppsummerte slik i rapporten frå møtet (i norsk omsetjing):

"Er det grunn til å avgrense djupdykkinga no, når ein manglar harde fakta på aktuell nevrologisk skade, og det trengst meir data?"

Mange føler at korrekt utført djupdykking er trygt, og eg meiner ein kan seie det slik at det var lite støtte for å avgrense slik aktivitet no, men heller intensivere overvakinga av dei som driv med slikt." (1)

Ti år seinare tok Statoil, Norsk Hydro, Saga Petroleum, Oljedirektoratet og prosjektet Forsking og utvikling av dykketeknologi (FUDT) initiativet til ein internasjonal konsensuskonferanse med tittelen *"Long term Health Effects of Diving"*. Konferansen vart halden i Godøysund, og omfatta denne gongen alle former for dykking, samt verknaden på andre deler av kroppen enn nervesystemet.

Den fråsegna ein kunne semjast om, etter mange, lange, kvasse ordskifte, var som følgjer (i norsk omsetjing):

"Det er grunnlag for å hevde at det hos somme dykkarar kan påvisast endringar i knoklane, sentralnervesystemet og lungene, sjølv om dei ikkje har vore utsette for dykkeulukker eller andre velkjende miljøfarar."

Endringane er i dei fleste tilfella små, og påverkar ikkje dykkaren sin livskvalitet. Men endringane er av ein slik natur at dei vil kunne få innverknad på dykkaren si framtidige helse."

Det vitenskapelige grunnlaget er avgrensa, og det trengst vidare forskning for å finne fullgode svar på spørsmåla om dykking på lang sikt har innverknad på helse." (2)

Aktuelt

No, 12 år seinare, vart det skipa til ein oppfølgjingskonferanse, med tittelen: *"Long term health effects of diving. The Godøysund 1993 consensus conference revisited. An international workshop, Bergen, Norway September 15th - 17th 2005"*.

Hensikta med møtet var å få oversikt over relevante undersøkingar som er blitt utførde etter 1993, for å kunne vurdere om det er grunnlag for å endre konklusjonane frå godøysundkonferansen.

Også denne gongen var det oljeindustrien som finansierte "gildet", noko dei fortener ros for.

Tjuesju deltakarar og 31 tilhøyrarar, totalt 58 personar var inviterte, og representerte åtte nasjonar (Noreg, Sverige, Frankrike, Storbritannia, Tyskland, USA, Meksiko og Israel).

I det fylgjande skal eg, etter oppmoding, skissere mine høgst personlege inntrykk frå møtet, sett frå ordstyrar-plass. Oppsummeringa frå konferansen vert send til høyring til alle deltakarane, så ein kan førebels ikkje seie heilt sikkert kva dei endelege konklusjonane vil bli. Men det vil gå fram av ei bok, som skal liggje føre innan fire månader etter møtet.

Problemstilling

Innleiingsvis definerte professor emeritus, dr.med. **David Elliott** og dr.med. **Jan Risberg** problemstillinga, med omtale av moglege mekanismar og forvirrande faktorar (*Defining the problem. Why we need yet another long term health effect conference*).

Eksposering

Så gav professor, dr. med. **Einar Thorssen** ei vurdering av dykkeeksposeringa (*Assessment of diving exposure*), noko som er vanskeleg av to grunnar (minst): For det fyrste kan dykkarane ofte ikkje gjere sikkert greie for eksposering i form av trykk, tid, dekompressionsstress og pustegassblandingar. For det andre finst det inga oversikt over eksposering for mikrobiologiske, radiologiske og kjemiske miljøfaktorar på dykkarane sin arbeidsplass.

Generelle helsepåverknader

Deretter presenterte professor dr. med. **John Ross** frå Aberdeen ei omfattande undersøking av britiske dykkarar:

"Coordinated investigation into possible long term health effects of diving at work. Examination of the long term health impact of diving", publisert i fjor. Han konkluderte med at dykking i og for seg ikkje ser ut til å gi helseskade på klinisk nivå. Likevel vart det hos dykkarar som klaga over konsentrasjonsvanskar og redusert minne, påvist redusert livskvalitet, karakterisert som mild subklinisk svikt. Dei som praktiserte overflatebasert dykking med blandingsgass klaga meir enn kontrollgruppa (kontinentalsokkelarbeidarar) over muskel-skjelettplager, nedsett høyrsel og minnesvikt. Han fann det meir sannsynleg at andre miljøfaktorar enn trykk, som kjemisk arbeidsmiljø (til dømes sveising), støy, livsstilfaktorar (som alkohol) og sjukdom/skade (som nevrologisk trykfallssykje) kunne forklare endringane.

Nervesystemet

Marit Grønning, overlege, dr.med., presenerte så dei nevrologiske funna hos tidlegare nordsjødykkarar (*The Haukeland University Hospital study of former North Sea divers*). Dette gjaldt både 96 dykkarar som var tilviste på grunn av helseplager, og 134 (av 210 førespurde) som vart kontakta. Kontrollgruppa var 166 (av 650 førespurde) tilfeldig utplukka bergensarar. Både dykkargruppene hadde meir helseklager av ymse slag enn kontrollane. Dei nevrologiske funna kunne ikkje forklarast ut frå faktorar som alder, tidlegare hovudskadar, hjartesjukdom eller alkoholinntak. Derimot såg det ut til å kunne vere ein samanheng med luftdykking.

Kari Troland, nevropsykolog, tok så føre seg dei nevropsykologiske resultatata frå dei same dykkarane. Det vart påvist redusert nevropsykologisk funksjon, til dømes i minne og konsentrasjon, samanlikna med kontrollgruppa.

Michael Reuter (Tyskland) refererte ei undersøking med magnetisk resonans (MR) av sentralnervesys-



Fra konferansen 'Long term health effects of diving' på hotell Norge i Bergen i september i år

temet hos yrkesdykkarar i Kiel (*MRI changes in divers' nervous system*). I tillegg hadde han analysert aktuell litteratur av tilsvarande undersøking av sivile yrkesdykkarar, marinedykkarar og sportsdykkarar. Han konkluderte med at det ikkje fanst sikre haldepunkt for at dykking utan uhell hadde påført sentralnervesystemet skadar som kunne påvisast med MR.

I programmet var det oppført at Ian Calder skulle gjere greie for nevropatologiske funn hos omkomne dykkarar, men han hadde meldt forfall. Av ein for meg ukjend grunn vart dette aspektet heller ikkje presentert av dei norske patologane, som har eit relevant materiale.

Nevrologiske risikofaktorar

Marit Grønning gjorde greie for ei undersøking av 97 manndykk i 16 dykkeoperasjonar til mellom 100 og 504 msv frå 1980 til 2002 (*Factors associated with increased risk of neurological deficits after saturation diving*). Viktigaste einskilde risikofaktoren var dykkedjupet. Det vart ikkje påvist samanheng med personlege faktorar hos dykkarane.

Lungene

Einar Thorsen refererte så langtidseffekt av dykking på lungene (*Long term health effects on the lung*). Han viste til tidlegare tversnittundersøkingar frå Sovjetunionen, Storbritannia, Tyskland

og Noreg, som synte redusert funksjon i dei små luftvegane som fylgje av eksponering for høge oksigenkonsentrasjonar hos dykkarar.

Sjølvsakleg, både grunne, overflatebaserte luftdykk, samt grunne og djupe mettingsdykk, har ført til redusert lungefunksjon like etter dykket. Årsaka har vore både hyperoksi og dekompresjonsstress i form av venøse bobler. Oppfølging i tre år har synt vedvarande redusert funksjon i ei viss grad.

Han refererte og ei oppfølging i seks år av dykkarar heilt frå starten av yrkeskarrieren, samanlikna med jamnaldra politifolk.

I haukelandsmaterialet var luftvegsobstruksjon meir vanleg hos pensjonerte dykkarar enn hos folk flest.

Øyra

Så, endeleg kom me til det vesentlege! Assistentlege **Frederik Goplen** gjorde greie for verknaden av dykking på det indre øyret (*Long term effects of diving on the inner ear*). Han hadde funne at hos 92 pensjonerte yrkesdykkarar som var tilviste for helseplager, var hørselen dårlegare enn hos alderstilpassa kontrollar. Det vart imidlertid ikkje påvist samanheng mellom dykkeeksposering og hørselstap. Desse dykkarane var og litt meir ustø enn kontrollane, men heller ikkje for dette avviket var det slik at det var dei med mest dykkerøynsle som var mest ustø. Alt i

alt var det ikkje dramatiske endringar som vart påviste. Fasongen på audiogrammet kunne passe med støyskade. Vidare var 67 dykkarar frå Statens dykkarskule fylgde i seks år. Berre for frekvensen 4 kHz vart det funne ein samanheng mellom talet på luftdykk og storleiken på hørselstapet. Men dette tapet, justert for alder, var ikkje av alvorleg art. På desse åra var dei og blitt litt meir ustø, men i så minimal grad at det ikkje hadde nokon innverknad på livskvaliteten.

Knoklane

Michael Reuter hadde sett gjennom aktuell litteratur om beinnekrose (*Dysbaric aseptic bone necrosis*), og gjennomført ei tversnittundersøking av 32 marinedykkarar med lang erfaring. Desse vart samanlikna med ei aldersjusterte kontrollgruppe. Det var ingen signifikant skilnad mellom gruppene, og dei få tilfella som vart oppdaga, var ikkje av alvorleg karakter, og hadde ikkje endra seg ved kontroll fire år seinare.

Førekomensten av slike endringar var større hos sivile tyske yrkesdykkarar og hos japanske fiskar-dykkarar.

Musklane – Rørsleapparatet

Stephen Watt (Aberdeen) hadde undersøkt dette aspektet i same gruppa som John Ross refererte frå (sjå ovanfor) (*Musculoskeletal disorders in divers. The ELTHI study*). Signifikant fleire

dykkarar enn kontrollar klaga over stive musklar og leddsmertar, og 32 % hadde hatt trykfallssykje. Skilnaden var signifikant også etter justering for livsstilsfaktorar som røyking og drikking, samt alder og hovudskadar. Det var samanheng mellom slike plager og talet på overflatebaserte dykk. Men når ein også korrigerer resultatene for sveising og ulukker, var der ikkje lenger skilnad på gruppene.

I spørjeskjemaundersøkinga var der alt i alt ingen skilnad mellom dykkarane og sokkelarbeidarane med omsyn til helserelatert livskvalitet, men for både gruppene var der signifikant påverknad av livskvaliteten.

Det vart tilfeldig plukka ut ei representativ gruppe på 10 % av dei som hadde svart på skjemaet til nærare undersøking. Av dei 200 som møtte, var det berre 63 (knappt tredjeparten) som hadde med komplette loggbøker. Politidykkarane var best i så måte, skjelldykkarane dårlegast. Etter minnet var der overrapportering på opp til 100 % av luftdykk, og opp til 20 % for mange mettingsdykk. Eksponeringa i arbeidslivet for både gruppene er kompleks. Det kan sjå ut som også andre faktorar enn tryksetjing og dekompresjonsstress, som til dømes eksponering for petrokjemiske produkt, kan vere årsak til dei refererte plagene.

Marit Grønning rapporterte resultatene frå haukelandsmaterialet når det gjaldt slike problem (*Musculoskeletal symptoms in former North Sea Divers*). Blant dykkarane som var tilviste for plager, var det signifikant fleire som var hemma i arbeidet av smerte, enn i kontrollgruppa. Dei innkalla dykkarane hadde også meir smertar i hender, føter og ledd enn kontrollane.

Dette var mest framtrekande hos dei som hadde hatt trykfallssykje.

Høgtrykks-nervesyndromet (HTNS)

Professor **Peter Bennett** (USA) ga eit omfattande oversyn over alle aspekt av dette fenomenet høgtrykksnervesyndrom HTNS, som for dei fleste vert merkbart ved dykking til om lag 200 msv eller djupare (*Clinical characteristics of HPNS in deep diving. A physiological adaptation or a permanent neurological injury?*). Ved bruk av tregassblanding og ein høveleg kompresjonsprofil kan ein dykke til 300 m utan nemnande reduksjon i arbeidsevna. På DKSS-dykka i Tyskland

kunne ein, med 5 % nitrogen i helioks, jamvel utføre nyttig arbeid under trykk svarande til 600 m djup. Spørsmålet om langtidsverknader på nervesystemet av djup HTNS-eksponering er uavklart. Bennett meiner det er meir sannsynleg at plager som redusert korttidsminne kjem av faktorar som trykfallssykje eller anna dykkestress, heller enn av HTNS.

Stephen Watt hadde endra tittelen på sitt foredrag frå "HPNS – the UK Experience", til "*The UK Experience of Saturation Diving*", som er svært avgrensa i sivil sektor. I tillegg til dei to djupdykka på NHC i Aberdeen, nemnde han ein lege som vart komprimert til 150 msv på under 15 min i samband med ei dykkarulukke, utan å rapportere symptom på HTNS. Han utførte arbeidet tilfredsstillande og effektivt, men dykkarane la merke til markert skjelving. På siste djupdykket på NHC, "Aurora" til 450 m i 1993, var "øyregruppa" på Haukeland representert med eit balanseforsøk. Resultata inngår i Stein Helge Glad Nordahls doktoravhandling.

Djupdykking

Biofysikar **Kåre Segadal** (*The Norwegian experience*) hadde med stor møyte skaffa seg oversikt over ei imponerende mengde djupdykk her i landet, både i form av sjødykk og eksperimentelle kammerdykk. Det fyrste metningsdykket var til 122 m i 1974, det djupaste til 504 m i 1981. Det førebels siste var eit kammerdykk til 250 m i 2002. (Alf Schönhardt ville gjerne supplere med eit dykk han hadde vore med på, men Kåre ville ikkje ta det med i oversikta før Alf dokumenterte det med dykkeloggen sin).

Under mange av desse dykka vart det registrert ulike akutte problem, som HTNS, kuldestress, og trykfallssykje, og det er i ettertid påvist ein del langtidsverknader, som referert under dei ulike organsystema ovanfor.

Likevel er der lys i tunellen. Utstyr og prosedyrar er forbetra, så talet på uheldige hendingar, ulukker, skadar og dødsfall er blitt sterkt redusert. Heldigvis. Nøkkelen til trygg, skadefri dykking ligg kanskje i seleksjonsprosessen av dykkarar.

Professor, dr.med. **Alf O. Brubakk** hadde som lege for Stolt fått innsikt i tilhøva i Brasil (*Deep commercial diving – the Brazilian experience*). Selskapet har åtte års erfaring der med dykk-

ing djupare enn 200 msv i samband med oljeutvinning, med minst 20.000 timar i metting. Det er ikkje blitt rapportert alvorlege problem med HTNS eller dekompresjon. Dykkelegen som kontrollerer dykkarane kvart halvår, har sjølv yrkesdykkarutdanning. Igjen vart det framheva kor viktig utvelginga av dykkarar til djupdykking er for å unngå helseproblem. Alf meiner eit maksimalt oksygenopptak på over 45 ml/kg/min kan redusere risikoen for trykfallssykje vesentleg. Berre spesielt utvalde dykkarar får dykke til 300 m i Brasil, og erfaringane derifrå indikerer at det kan gjerast utan alvorleg helseskade. Det må likevel føyast til at det ikkje er gjort uavhengig forskning på dette.

Peter B. Bennett, som er fysiolog, ga ei oversikt over djupdykkinga på Duke University i USA og på GUSI i Tyskland (*Review of Findings from Duke and GUSI*). Av dei fire Atlantis-dykka på slutten av 1970-talet på Duke, var Atlantis III til 686 msv det djupaste. (Underteikna, som arbeidde hos Bennett i 1978-79, var reservedykker, men det vart ikkje aktuelt for meg å gå inn). Det vart ekseprimentert med kompresjonsprofilane og N₂-% i tregassblandinga for å redusere/hindre HTNS.

Desse erfaringane vart tekne med til GKSS i Tyskland, der 13 dykkarar frå 1983 til 1986 utførte 14 sveisedykk til mellom 300 og 600 msv. To franske dykkarar utførte ein kvalifisert sveis på eit 36 toms stålrør på 450 msv, og hevda det kjendest ut som eit 100 msv-dykk på HeO₂. På 500 msv tok dykkarane til å fungere dårlegare, men sjølv på 600 msv var dei i stand til å sveise.

Der var tre tilfelle av mild trykfallssykje, men det vart ikkje rapportert permanente nevrologiske skadar.

Han konkluderte med at med ein sakte, eksponentiell kompresjonsprofil og 5 % N₂ i pustegassen, kunne arbeid utførast på djupt vatn, utan permanente symptom eller teikn på helseskade.

Michael D. Curley, som er psykolog, orienterte om den amerikanske marinen sine erfaringar (*Long-term health effects of experimental saturation diving: the U.S. Navy experience deeper than 180 msw*). Grunnlaget var 50 dykk på helioks frå 1966 til 2004. Det djupaste var til 549 msv. Totalt var 246 dykkarar involverte, og total dykketid var 6381 mann-dagar. Det vart

gjort undersøking av lungefunksjon, nervesystem, kognitive funksjonar og det indre øyret.

Akutte effektar var kompresjonsartralgiar, HTNS, infeksjonar, brannskade i huda i varmtvassdrakt, og trykkfallssykje, spesielt i det indre øyret ved ekskursjonar oppover. Det blei og registrert ureining av kammeratmosfæren av freon, og ureining av drikkevatnet. Feilfunksjon av dykkarutstyr førde til eit tilfelle av kortvarig medvitstap pga lågt pO_2 og høgt pCO_2 . Dyspnø etter inhalasjon av pustekalk førekom og. Etter djupe dykk kunne det gå månader før dykkarane var i form att, men det vart ikkje påvist varig helseskade av dykkinga, når ein korrigerer for alder og livsstil.

Jean-Pierre Imbert gjorde greie for dei franske erfaringane (*The Comex experience*). I tillegg til eksperimentdykka til 350 msv på NUTEC, i Onarheimsfjorden og i Marseille til 300 msv er det gjort rutinedykk til mellom 200 og 300 msv, og einskilddykk til 386 og 417 msv i Brasil. Prosedyrane, m.a. for komprejon, dekompresjon og pustegassamansettjing vart justerte under vegg. Hundre dykkarar akkumulerte i ein granskingsperiode 280.000 timar under trykk, derav 600 timar i vatnet. Dei mest aktive hadde 20 metningar djupare enn 200 msv. Diverre vart databasen avslutta i 1994. Comex oppfattar dykking til 300 msv i sjøen som rutine.

Ernesto Cuauthémoc Sánchez er lege, og orienterte om erfaringane frå Meksiko (*The Latin American Experience*). Han refererte ei retrospektiv undersøking av både yrkesdykarar og sportsdykarar. Psykomotoriske prøvar synte reduksjon over lang tid, også etter dykk der det ikkje var blitt påvist klinisk trykkfallssykje. Han konkluderte med at såkalla tause bobler i det lange løp kanskje ikkje var så tause likevel.

Dekompresjons-prosedyrar

Kåre Segadal gjorde i foredraget *Decompression procedures for saturation at pressures between 1.9 and 4.1 MPa with reduced hyperoxic exposure (deep saturation decompression)* greie for teorien og erfaringane på NUI med å redusere pO_2 til 30 kPa under 8 t nattstopp djupare enn 60 msv og 50 kPa på dagtid, samstundes som dekompresjonsraten vart redusert tilsvarande. Det førde til



Sjefslege i Statoil, Aud Nistov sammen med konferanseleder Dr.philos Arvid Hope fra NUI ved siden av tretønnen som ble signert av alle deltagerne under Godøysund- konferansen i 1993

redusert oksygenstress på lungene, men oppheva ikkje risikoen for skade på nervesystemet. Ved ein feil vart oksigentrykket på det aktuelle 250 msv-dykket redusert også fyrste natta grunnare enn 60 msv. Dessutan vart ikkje seleksjonsprosedyrane for dykkarane fylgde. På bakgrunn av dette kan ein såleis ikkje no kome med sikre tilrådingar for framtidige dykk til slike djup.

Bobledanning og bobleskade

Alf O. Brubakk hevda i foredraget *Mechanisms for bubble formation and bubble injury* at det oppstår fri gass kring boblekjerner på endotelet i både vener og arterier i samband dei fleste dykk. Dette endrar endotelfunksjonen, og startar inflammatoriske prosessar, som i tillegg til auka pO_2 og infeksjonar kanskje kan vere ein sentral mekanisme for utvikling av langvarig dysfunksjon i nervesystemet. Sidan det er

ein dose-respons-effekt av boblene, vil boblereduksjon ved hjelp av prosedyre- endringar, fysisk aktivitet og eventuelt medikament kunne redusere risikoen for skade.

Venøse gassbobler

Jan Risberg gjorde i foredraget *Venous gas embolism during saturation diving* greie for bruken av ultralyd Doppler for å påvise intravaskulære bobler, både under eksperimentdykk og operasjonell dykking. Slike bobler er påviste både etter ekskursjonar og under og etter metningsdekompresjon, både i vener og arterier. Det er og påvist samanheng mellom høgt bobletal og førekomst av trykkfallssykje. Men sidan det og har førekome trykkfalls- sykje utan at det er påvist bobler, kan ein ikkje bruke ultralyd Doppler til å verifisere dekompresjonsprosdyrar.

Ekstravaskulære bobler

Olav Eftedal, som både er ingeniør, lege og eksperimentdykkar, heldt foredraget *Autochthonous bubbles in decompression injury*. Slike bobler er vanskeleg å påvise i levande organis- mar, men mange observasjonar tyder på at dei eksisterer. Ved alvorleg trykk- fallssykje kan dei spele ei rolle, saman med intravaskulære venøse og arteriell bobler. Den reint mekaniske effekten lokalt verkar då saman med kom- plekse, biokjemiske mekanismar som dei intravaskulære boblene utløyser, mellom anna ved å aktivere endotelet.

Høgt trykk på cellenivå

Stephen Daniels, Storbritannia, heldt eit lærd, interessant foredrag om verknadane av høgt trykk på cellenivå (*Cellular and neurophysiological effects of high ambient pressure*). Han hadde studert korleis trykk påverkar ionekanalar som regulerer straumen av natrium-, kalium- og kalsiumionetran- sporten inn og ut av celler, samt effek- ten på intracellulære signalprotein. Visse typar kalsiumkanalar vert sterkt hemma av trykk. Derimot vert andre ionekanalar, som dei med N-methyl-D- aspartat-sensitive reseptorar stimulerte av auka trykk.

Mange kjemiske stoff, som acetyl- cholin, 5-hydroksytryptamin, gamma- aminosmørsyre og glycin, er viktige for signaloverføringa i nervesystemet. Glycinreseptorane vert sterkt hemma av auka trykk.

Berre i gruppa av G-proteinkopla reseptorar, er det til no påvist over

hundre, så dette er eit innfløkt område det er vanskeleg å halde oversikt over. Det er imidlertid samsvar mellom funn på dette nivået og observert hypereksi- tabilitet i nervesystem under auka trykk. Ein kan og tenkje seg at endring- ar på dette nivået ved gjentekne ekspo- neringar kan føre til varig endring i nervesystemet.

Yoram Grossman, Israel, fylgde opp med foredraget *Molecular and cel- lular neurophysiological mechanisms of HPNS*. Det var på dette tidspunktet denne referenten fekk problem med å ”henge med i svingane”, sjølv om foredragshaldaren var ein inspirert og inspirerande sprellemann. På siste foredraget siste dagen av eit slikt møte er det gjerne slik.

Høgt trykk vil påverke molekyll som fosfolipid (i cellemembranar), og pro- tein (enzym, transportprotein, ioneka- nalar, og celleskjelett). Det er imidlertid svært mange faktorar som inngår i slike reaksjonskjeder, så det endelege utfallet av ein trykkauke er vanskeleg å førutsjå.

Dei omfattande symptoma og teikna ved HTNS syner kor samansett verknaden av trykk på sentralner- vesystemet er. Ikkje overraskande konkluderte han med den klassiske fråsegna at det er naudsynt med meir forskning for å klarleggje mekanismane bak observerte trykkverknader på sentralnervesystemet.

Plenumsdiskusjon

Som venta var det sprikande meinin- gar om mangt. Det var usemje om kor mange dykkarar me har hatt her i landet og kva for eksponeringstypar under eit dykk som har noko å seie, og som bør overvakast. Sjølv 300 år etter at trykkfallssykja vart oppdaga, er ein ikkje samde om stort anna enn at bobler sannsynlegvis har noko med saka å gjere. Korleis ein skal definere og avgrense trykkfallssykje er det heller ikkje allmenn semje om.

Det kom fram ei rekkje med framlegg om kva ein måtte ha med i konklusjonen, men desse skal sendast rundt til deltakarane til vurdering/ godkjenning.

Det tyktest vere semje om at *selek- sjon* av dykkarar til djupdykking er viktig, sidan det er skilnad på folk.

God *fysisk form*, målt som maksi- malt oksygenopptak ser ut til å vere viktig for å unngå mykje bobler og trykkfallssykje.

For min eigen del vil eg føye til

at ein under dykkarutdanninga må *innprente* elevane kva ein bør og ikkje bør gjere, også mellom djupdykk, og når det gjeld livsstil generelt. Det er vanskeleg å avgjere kor mykje dyk- king, sjukdom, skade og livsstil har medverka til ein observert tilstand.

Andre framlegg

- Seleksjon og spesielle prosedyrar for nordsjødykking
- Registrere og lagre eksponerings- data
- Etablere en sentral, internasjonal database for eksponering og helseverknad
- Fråsegna frå Godøysundkonferansen gjeld til det er samla tilstrekkjeleg eksponeringsdata
- Finne samanheng mellom årsak og verknad
- Unngå høgtrykksnervesyndromet
- Betre dykkarutdanning og trening
- Meir regulær møteverksemd for å drøfte status og framdrift om årsak og verknad
- Registrere toksineksponering av hud
- Betre miljøovervaking, også av mikrobiologi
- Identifisere kjemikaliar som er gif- tige for øyra

Rekruttering av ”ungt blod”

Utviklingsprogram for rekruttering av yngre dykkelegar og dykkemedi- sinforskarar

Dykking til 220 msv krev:

- Betre fysisk form
- Betre seleksjonsprosedyrar
- Avgrensa tal på eksponeringar i det djupe området
- Gransking av Stolt Offshore sine prosedyrar i Brasil
- Dykkekontraktøren må dokumentere dykkarane si metningserfaring og tilfelle av trykkfallssykje
- Spesielle yrkeshygieniske metodar (løysemiddel, boreslam)
- Redusere verknaden av høgtrykks- nervesyndromet
- Fast tilsetjing av dykkarane hos kon- traktøren
- Granske spesielle problem forbunde med små partiklar frå sveising

Dykk grunnare enn 220 msv

- Avgrense lengda på luftdykk (som i Storbritannia)
- Bruke dagens prosedyrar
- Meir forskning for å utvikle nye pro- sedyrar

Hørsel

- Fleire longitudinelle undersøkingar har synt at yrkesdykking kan gi hørselstap.
- Det trengst årvisst hørselsmåling for å avsløre hørselstap hos dei med låg toleranse.
- Vernetiltak må fokusere på å avgrense støyeksposering og risiko for barotraume (trykkskade).

Knoklar

- Gå over frå røntgen til magnetisk resonans (MR) i overvakinga med omsyn til dysbarisk osteonekrose.
- Gjere longitudinelle undersøkingar for å granske det godarta forløpet

hos dykkarar, samanlikna med andre sekundære avaskulære nekrosar.

Sluttfråsegn

Dei fleste deltakarane slutta seg til denne fråsegna:

- Funn tyder på at det kan oppstå endringar i lungefunksjon, sentralnervesystem, knoklar og det indre øyret hos somme yrkesdykkarar.
- Det er store variasjonar i storleiken på desse endringane, og potensialet dei har til å påverke dykkarane sin livskvalitet.
- Nøyaktig kunnskap om mekanismane bak slike endringar er framleis avgrensa, og gjer det naudsynt med vidare forskning.

- Det er derfor naudsynt med preventive tiltak, inkludert helseovervaking ved framtidig dykking.

Referansar

1. Shields TG, Minsaas B, Elliott DH, McCallum RI: Long term consequences of deep diving. Proceedings of a workshop organized by EUBS and the NPD, Stavanger 1983
2. Hope A, Lund T, Elliott DH, Halsey MJ, Wiig H: Long Term Health Effects of Diving. An International Consensus Conference, Godøysund, Norway 6-10 June 1993. ■

'Spot On'- systemet

Hans Lundberg,

Polisens Tekniska Rotel

TAPIREN har utviklet et programvara som heter Spot On. Systemet anvendes for datainsamling, presentation, datalagring og framforallt rapportgenerering. Systemet som er patentert er enkelt og unikt og anvendes blant annet av Svenska Rymdbolaget, Kustbevakningen, polisen og i amerikanske forsvaret.


Det unika i systemet er sattet at i realtid presenterer store mængder insamlad information från olika sensorsystem t ex video, radar, laser, sonar GPS, undervattenspositioneringssystem, CTD-sonder mm.

Tidigare har man spenderat mycket tid på att sammanställa data från olika sensorsystem och man har dessutom ofta

varit tvungen att sälla och redigera materialet. Med Spot On genereras en rapport under det att uppdraget utförs. Så snart uppdraget är slutfört dvs så snart dykare eller ROV:n kommit till ytan så finns en rapport som innehåller all information klar att brännas ned på

DVD eller printas ut i pappersformat. Med hjälp av en viewer kan sedan vem som helst enkelt följa uppdraget som helhet på en vanlig PC.

Spot On-systemet sparar mycket tid och ger en exakt beskrivning av det utförda uppdraget. ■





Norsk Yrkesdykkerskole ligger på Fagerstrand i Nesodden kommune, ca 4 mil syd for Oslo. Skolen er den største utdanningsinstitusjon for yrkesdykkere i Nord-Europa, målt på volum. Siden starten i 1990 er over 700 yrkesdykkere kl i utdannet her. Sertifikatene er offentlige og utstedes av Direktoratet for arbeidstilsynet og Petroleumsstilsynet og kvalifiserer til overflateorientert dykking ned til 50 meters dybde inshore og offshore. Utdanningen gjennomføres ved skolens unike treningssenter ved Oslofjorden, med dykking til alle dybder rett fra kala. Vi er behjelpelig med å formidle hybel under kurstiden om du trenger det.

Norsk Yrkesdykkerskole

Grunnkurs klasse I
Kursstart i 2006:
13. mars 7. aug 20. nov

Grunnkurs klasse I varer i 16 uker, og koster NOK 32.000,-. Du kan søke om utdanningsstøtte i Statens lånekasse for utdanning.

NYD Kompetanse i samarbeid med INPP

Klokkedykkerkurs
Kursstart i 2006:
9. jan 27. feb 10. apr
28. aug 2. okt 13. nov

Klokkedykkerkurset varer i 4-5 uker, og koster EUR 12.100,- (eks. VAT, inkl. full pensjon). Egenfinansiering. Kursene arrangeres i samarbeid med Institut National de Plongée Professionnelle (INPP), og gjennomføres ved INPP i Marseille i Frankrike. Arbeidsspråket er engelsk.

For mer informasjon kontakt:
NYD
Postboks 23
1454 Fagerstrand
Tlf: +47 66 96 58 00
Epost: nyd@nyd.org



NORSK YRKESDYKKERSKOLE AS

Se også våre hjemmesider: www.nyd.org



Norsk Yrkesdykkerskole AS (NYD) ligger på Fagerstrand i Nesodden kommune, ca 4 mil syd for Oslo. Målt på volum er NYD den største utdanningsinstitusjon for yrkesdykkere i Nord-Europa. Siden starten i 1990 er over 700 kl1-dykkere utdannet her, og det er gjennomført mer enn 25.000 øvingsdykk. Årlig utdannes mellom 60 og 70 elever til overflateorientert dykkersertifikat klasse 1. Bedriften har syv fast ansatte, i tillegg til deltids innleide instruktører. Årlig omsetning er ca NOK 8 millioner.

To dykkeinstruktører

NYD søker to erfarne dykkere/dykkeinstruktører til å undervise på skolens klasse 1 kurs, hvorav minst én må ha erfaring fra dykking offshore.

Kandidater:

- innehar minimum dykkesertifikat kl. 1
- er kvalifisert dykkeleder iht. DAT 511
- har minst fem års praksis innen undervannsarbeid
- kan ta selvstendig ansvar for gjennomføring av både teoretisk og praktisk undervisning

Det er videre ønskelig at instruktørene har formell pedagogisk utdanning, og at instruktøren som skal instruere i offshore relatert dykking i tillegg innehar A.O.D.C/IMCA dykkeledersertifikat.

Dykketekniker

NYD søker en "tusenkunstner" som skal erstatte skolens dykketekniker som etter hvert går av med pensjon.

Kandidaten:

- har utdanning og erfaring innen elektrisk eller mekaniske fag
- har god kjennskap til dykkerutstyr
- har evne til teknisk kreativ problemløsning, samt til å jobbe med god serviceinnstilling under tidspress

Kandidater som ikke har erfaring med dykkerutstyr, men som ellers fyller kriteriene oppfordres til å søke stillingen. Dersom vi finner den rette personen vil vi sørge for nødvendig kursing og opplæring.

Når det gjelder aktuelle kandidaters personlige egenskaper legger vi vekt på fleksibilitet, vilje til å stå på, og at du har et oppriktig ønske om å være med på å videreutvikle NYD til å befeste stillingen som en av de ledende yrkesdykkerskolene i verden.

Vil du vite mer om stillingene kan du kontakte daglig leder Dag W. Wroldsen på direkte telefon 922 20 130, eller sentralbord 66 96 58 00.

Send en kort søknad med oversikt over utdanning og arbeidserfaring. Attester og vitnemål vil vi be om senere. Søknad merket "Instruktør" eller "Dykketekniker" sendes innen 15. januar 2006 til:
Norsk Yrkesdykkerskole AS, Postboks 23, 1454 Fagerstrand,
eller per e-post til dagww@nyd.org.



NORSK YRKESDYKKERSKOLE AS

For mer informasjon om NYD se våre hjemmesider på: www.nyd.org

Dykking i Hydro

Ove Stave, NUI AS


